

Kvinnherad- utstillingi

1952


5. – 12. oktober

i

Uskedalen

Tilskiparar:

BONDELAGI I KVINNHERAD



BAAT —

BILFERJE —

BILRUTER

i Hardanger og Sunnhordland

Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap

Telef. 15 070 - Bergen

Telegr.adr. «Hordalandske»

Kvinnherad-utstillingi 1952.

PROGRAM :

Sundag 5. oktober kl. 14 :

Musikk av Uskedalens Musikklag.
Velkomsthelsing av A. T. Myklebust.
Prolog ved forfattar Ragnvald Vaage.
Opningstale av fylkesmann Mons Lid.

Kl. 20 : Foredrag av statskonsulent Oddv. Lund.
Etter foredraget: Rettleiding til utstillarane ved domsmennene.

Måndag 6. oktober kl. 17 :

Kvinnherad Bondelag og Bonde- og småbrukarlag har programmet.

Kl. 20 Foredrag av landbruksskulestyrar Asbjørn Øye : Fagleg opplæring i jordbruket.

Kl. 21 Fylkesgartnar Ludv. Krohn Dale : Grøn-sakdyrking og hagebær. Film.

Tysdag 7. oktober kl. 17 :

Husflidslaget har programmet.

Kl. 20 Foredrag og framsyning av husflidsarbeid v/ disponent Håkon Johannessen i Vestlandske Husflidslag.

Onsdag 8. oktober kl. 15 :

Husmorlaget og Bondekvinnelagi i Kvinnherad har programmet.

Demonstrasjon v/ Husstell-lærarinne Alfh. Fosse

kl. 20 : Foredrag med film : Kjøken-innreidnad.
Kl. 21 : Foredrag av tannlege Bjarne Aarseth

m/ ljosbilæte : Tennene våre.

Torsdag 9. og Fredag 10. oktober :

Opning kl. 17 baa dagar.

Fritt tilgjenge for skuleborn i fylgje med lærar, heile dagen fyre kl. 17.

Torsdag kl. 20 : Fylkesskogmeister Batten talar og syner fram den nye skogfilmen.


Laurdag 11. oktober kl. 14 :

Uskedalens Ungdomslag har programmet.

Kl. 20 : Spelstykket : «På Heimveg» m/ kåseri av Thor Myklebust.

Sundag 12. oktober kl. 14 :

Kl. 19 : Foredrag av landbrukssjef J. Ø. Sandvik.
Utdeling av premiar v/ ordf. Lars Eikeland og J. Ø. Sandvik. — Uskedalens Musikklag.



DOMSMENN :

Jordbruksprodukter : Jordbruksskulestyrar Asbjørn Øye
fylkesagronom Henry Oma.

Hagebruk og gartneri : Fylkesgartnar Ludv. Krohn Dale
disponent S. Ødelien.

Skogprodukter : Heradsskogmeister Bjørn Hansen,
jordbruksskulestyrar Asbjørn Øye.

Kvinnearbeid (Husflit): Disponent Magnus Årø, skule-
styrar Øydis Eide og vevelærarinne Borg. Halse.

Matvaror : Statens husstell-lærarinne Alfild Fosse,
skulestyrar Ragnhild Midnes.

Heimeyrke for menn : Disponent Magnus Årø,
Harald Steinsbø.

Skipsbygging : Skipskyndig konsulent L. T. Selsvik,
skipsbyggjar Alb. Andersen.

Fabrikkverksemd : Domarutvalet vert nytta.

NEMNDER : Sjå side 32.

Sunnhordland.

Eg veit eit land med skard og skav
som flengt av jotunklo,
ei armod's-åsyn imot hav,
men endå mild og god.
I vest er Siggjartinden los
— det er ein gubbe traust —
og Melderskin og Ulvenos
er merkesmenn i aust.

Sjå blanke fjord og blikrepoll
smett inn frå vreide kav
og speglar fjell og furukoll
og blide bygder av.
Og øvst, lik kvite pannelin,
ligg fonni skir og lett;
der blenkjer det og bivreskin
som gull når dagen sprett.

Her spelar foss i bratte lid,
her susar skog um svad
og vinden går med harpa si
so ljuv kring denne stad, —
ein unders heim, snart tårelagd
innunder stormsky grå,
og snart i smil, med himmelbragd
som barneaugo blå.

Her er min heim og ættargard,
her kviler far og mor,
so mang ein gamal gastakar
søv trygt i denne jord.
Her millom skog og fjell og sund
fann eg som dei mitt méd,
her finn eg og den trygge blund
ein gong når sol går ned.

Du land som gav meg mold um rot
og nerk til godan gror,
gav smil og storm og fjåge mod
når båra bryt på fjord —
eg beda må på all min veg
til dagen sig i blund :
min heim, mitt land, Gud signe deg
med sol til siste stund.

Ragnvald Vaage

KVINNHERAD SPAREBANK

Rosendal

Tek mot innskot på sparevilkår
og 6 måneders oppseiing

Gjev lån og greier med vanlege
bankforretningar

Forvaltn.kapitalen 1. jan. 1952:

Kr. 10 700 000

O m b o d s m e n n i K v i n n h e r a d :

Erik Gausvik,	med kontor på Sunde
Karl Lønning,	med kontor i Ølve
J. Djuvsland,	m. kont. på Gjermundshavn
G. Bjelland Thorkelsen,	med kontor i Sundal

Kvinnherad.

Av ordførar L. EIKELAND.

Du fagre mi bygd, der federne budde
med framferd og dygd og hyste og rудde
i skiftande kår, dei hundra av år, —
nett du er mi trygd!

Jens Tvedt.

Når eg skal skriva noko om Kvinnherad i dette høvet er det naturleg å nemna noko om næringsvegane i heradet. Først vil eg likevel nemna litt om naturtilhøva.

Naturen i heradet byr på litt av kvart: Frå blide lune vikar og vågar med holmar og skjor og lågt lende til dei tronge fjordarmane, der landet stig rett opp frå sjøen i svære høgder. Frå lange smale strender og breie dalar til tronge djup og kluffer med durande fossefall. Frå den fredfulle frodige furuskogen til dei snaue fjellviddene med ævleg is. Frå fjorden, pollane og vikane går det mange grøderike dalar inn mellom fjella.

Her har budd folk i mange tusen år og det er funne leivningar frå dei eldste tidene i jord og haug. Overlærer Arne Stuland som har skriva gardssoga for Kvinnherad skriv m.a.: «Ei flintøks er funni på Seim og ei på Nordøyi i Ølve. Desse øksane er frå slutten av steinalderen, som fell 2000 år føre Kristus. I mange, mange tusen år føre denne tid, ingen veit kor mange, har steinaldermenneske fare på veiding og fising der Kvinnheradbonden no steller si jord og sitt fe».

Det er jordbruket som har vori og er hovudnæringsvegen i Kvinnherad. Ved sida av jordbruket har fisket og sjøen hatt mykje å seia for livberginga. Dette er naturleg i eit herad med så lange strender mot sjøen og så mange naturlege hamnar. Dessutan er det mange gode kastevågar. Føre hundreårsskiftet var det mange gardbrukarar og andre som var fartyeigarar eller part-eigarar i farty. Det var mest jagter og sluppar. Dei

Eggprodusentar

får best utbytte når dei er
medlemer av produsentane
sin eigen salssamskipnad.
Vi gjev råd og rettleiing
til alle interesserte — og
hjelper til med skiping av
egglag.

BERGEN OG OPLAND
EGGCENTRAL

Tlf. 19142

største kunde føra opp til 1000 tunner. Med desse fartya drog dei til Nordland og Finnmark og kjøpte fisk og sild, som dei etter tilverkinga og saltinga selde til eksportørar i Bergen og Kristiansund. Desse ferdene kasta jamnt noko av seg, og mange av eigarane vart velstandsfolk. Omkring hundreårsskiftet vart det mange ringe år og ein del leid tap. Det vart då etterkvart slutt på denne næringa. Då tok utvandringa til Amerika eit svært oppsving. Mange unge gutar drog og i utanriks sjøfart, og heradet har etter måten mange sjøfolk.

Litt før hundreårsskiftet kom det noko industri i gang. Det vart bygt ein tunnefabrikk, ein ullvarefabrikk og 2 større hermetikkfabrikkar. På denne tida var folketalet noko under 5 000. Dei fleste var knytte til jordbruket. Etterkvart jordbruksmaskinene kom i bruk, vart den frigjorde arbeidskrafta nytta i andre yrke. Ein del avsides bruk er nedlagde i denne tida. Likevel er jordbruksproduksjonen auka, endå den nytta arbeidskrafta er gått ned til det halve. Såleis har den innvegne mjølkemengda i den siste 10 årsbolken stege med 50%.

Fartybyggjinga er den eldste og beste industrien i heradet.

Etter at soknene Kvinnh. og Husnes for vel 30 år sidan fekk elektrisk kraft, vart det sett i gang ein del mindre verksemdar, serleg i trevareindustrien. Dei største verksemdene i heradet er knytte til sjøen eller fisket. Dette fører med seg at arbeidslivet i industrien er noko konjunkturvore. Det måtte vera eit mål å leggja tilhøva slik til rettes, at næringslivet kunne verta meir allsidig utbygd. Dette kan best gjerast ved å leggja all makt på å fremja elektrisitetsforsyninga. Skorten på elektrisk kraft har hindra den industrielle utbyggjinga. Mange av dei unge som veks opp og som ikkje vert verande i jordbruket, må difor søkja til andre bygder eller til byane. Det syner seg at folketalet i dei bygdene som ikkje har hatt elektrisk kraft har gått ned med 20% dei siste 50 åra, medan det har vore ein auke på 33 % i dei stroka som har hatt elektrisk kraft. Den samla folkemengda har auka med 15 % sidan hundreårsskiftet og er no 5 625.

Så snart ein får nok elektrisk kraft, kan ein venta eit meir variert arbeidsliv. Det vil då verta levemåte for fleire menneske. Dette vil skapa eit stødare økonomisk grunnlag også for den kulturelle framgangen.

Etter det eg kan sjå, var det i 1896 at tanken første gongen kom opp om å skipa til ei produksjonsutstilling i Kvinnherad. Den 19. mai vart det av heradstyret gjort slikt samrøystes vedtak: «Herredet har under betingelse

Gravdals Skipsbyggeri og Trelastforretning

Sunde - Sunnhordland

NYBYGG AV TRESKIP

Reparasjon av tre- og jarnskip

MOTORVERKSTAD

Alle slag skipsmaterialar og Bygningsmaterialar

Bygningsartiklar

USKEDAL SAMYRKELAG

Telefon nr. 4

Vareadr. : Myklebust

Postadr. : Uskedal

Godt utval i alle landhandlarvaror

BENSINSTASJON

Er det noko De treng av andre varor
skaffar vi det på stutt tid

af at der tilveiebringes mindst kr. 100,00 ad privat vei bevilget kr. 150,00 af herredet til affholdelse af en landbruks- og industriudstilling høsten 1897».


Utstillinga vart halden i Dimmelsvik hausten 1897, og etter den tid har det med nokre års mellomrom vori haldne slike produksjonsutstillingar i Rosendal og Omvikdalen. Det er bondelaga i Kvinnherad som denne gongen har gjort opptaket og teki på seg arbeidet med tilskipinga. Bondelaga fortener takk for det. Ei slik utstilling skal vera ei mønstring av kva jordbruket og industrien, her medrekna heimeindustrien, kan yta og bjoda.

Samanlikna med mange andre bygder, ligg Kvinnherad på dei fleste område langt attende, så langt attende at ein mange gonger har ei kjensle av at ein ligg i ei bakevje, endå om me på einskilde område i jordbruket hevdar oss millom dei beste. Eg tenkjer her serleg på husdyravlen og mjølkeproduksjonen. Det er likevel bortimot ei skam at Kvinnherad, med sine gode vokster-vilkår, ikkje kan halda seg sjølv med grønsaker.

Kvinnherad er vel eit av dei herada som har mest unytta fossekraft. Til denne tid har det legi ei død hand over vår elektrisitetsforsyning. Kva ei rikeleg elektrisitetsforsyning har å seia for husmora i kjøkenet, for heimeindustrien og for den industrielle utbyggjinga skjønar me alle. Me treng ikkje reisa mange mil for å finna gode føredøme. Me kan finna mange herad der folket er komne lenger enn oss i å nytta ut det naturlege næringsgrunnlaget.

Kva kan me gjera for å nytta betre ut det naturlege næringsgrunnlaget? Eg har nemnt elektrisitetsforsyninga. Skogreisninga er ei av dei største sakene heradstyret har hatt føre seg i det siste. Den skogreisningsplanen som vart vedteken i fjor vert kostesam, men det er å vona at heradet maktar å gjennomføra planen. Arbeidet gjev ikkje resultat med ein gong, men vil koma etterslekta til gode.

Jordbruket er vel den næringsgreina som har dei største unytta reservene. Eg tenkjer då serleg på smånæringane som til denne tid har vori lite påakta. Det er ei vanleg klage over at gardane er for små, og det er sikkert rett. Me har likevel gledelege prov på at unge menneske har bygt nye heimar og har skapt eksistensgrunnlag på små bruk med å driva fruktdyrking, veksthus, grønsakdyrking og andre smånæringar. Måtte desse gode føredøma føra med seg at fleire tek til. Skal dette lukkast, må dei unge søkja kunnskap.



Tak ferdi inn til HUSFLIDEN

når De kjem til Bergen.

Konsulentdeildi vår stend alltid til tenesta med opplysningar og rett-leiding om alt i samband med husflidsarbeid. —

MØNSTERTENESTA

har stort utval i arbeidsteikningar til reidskapar, møblar, trevaror, vevstolar og vevreidskapar.

VEVMØNSTER for møbelstoff, gardinor, blåty og prydvev.

Spøtemønster, broderimønster og gode handbøker.

Av næringar som har vore lite påakta, kan eg nemna pensjonat- og hotelldrift. Naturen i heradet er i mange måtar så storfelt og skiftande, at heradet peikar seg ut som eit av dei aller beste turiststrok i fylket. På dette området er mest alt forsømt. Det er ikkje berre kunnskap og veksamband som vantar. Nei, det må tiltaksvilje, vågemod, optimisme og fantasi til, når det gjeld å byggja opp ei ny næringsgrein.

Me kan vel seia at me har ikkje gjort nok, når det gjeld å skapa levevilkår for folketilveksten.

Folket i Kvinnherad er arbeidssame og sparsame. Dei set ikkje berre krav til samfunnet, men og til seg sjølve. Det er jamnt over ein god moral. Difor har eg tru på at komande slekter held fram i arbeidet med å «hysa og rydja i framferd og dygd».

Det er mi von at denne utstillinga, denne mønstringa, av kva me kan, må stimulera til større tiltaksvilje, vågemod og optimisme, så me i fredelege kappsteg kan auka innsatsen, såleis at den kulturelle, moralske og økonomiske framgangen kan gå hand i hand.

Fredheim Gartneri

Telef. 41

Rosendal

Telef. 41

Potteplanter — Snittblomar

Grønsak- og pryddplanter for utplanting

Kransar og Bukettar

H. B. Hjørnevåg

Uskedalen — Telef. 54

FISK og FISKEMATFORRETNING

Dagleg nylaga fiskemat

Leverer også til handlande

Bladet Sunnhordland

Kjem ut på Leirvik, Stord kvar tysdag og fredag

Kostar 10 kr. året.

EIGE PRENTEVERK

som leverer alt av vanlege trykksaker
for kontor, forretnings- og privatbruk.
Songar — Reklamehefte — Årsskrift
Katalogar.

Skogen i Kvinnherad.

Av stortingsmann CHR. L. HOLM.


Etter forholdene i Hordaland fylke, må Kvinnherad sies å være en ganske god skogbygd. I hovedsoknet er nok furuskogen for det meste borte, men i de andre soknene er det ganske bra med furuskog. Lauvskogen finner en alle steder mere av enn hva der er nødvendig til brensel og redskapsvirke.

I gammel tid var det sikkert furuskog mest alle steder, men værslaget har endret seg gjennom åra og forholdene har blitt bedre for lauvskogen enn for barskogen. Det er ikke vekstforholdene som er blitt bedre, for de er så gode som vel mulig, men barskogens evne til å fornye seg selv er blitt dårligere. Det kommer for det meste av den rike nedbøren som gjør jorda sur der den ikke er kalkholdig nok i undergrunnen.

Dette at vekstforholdene er meget gode, mens etterveksten har vanskelig for å komme, kan en rette på ved å plante skog. Grana er enda ikke kommet fram til Vestlandet på vegen vestetter. Det er bare til Voss den har nådd fram og noen plasser i Sogn; men nå har en i mange år plantet gran og den slår meget godt til. Folket har lenge forstått hvilke fordeler det blir for etterslekten om en planter skog til gårdene, men først i den senere tid har en gått inn for alvor. Herredstyret har valgt skogreisingsnemnd, vedtatt skogreisingsplan og bevilget penger, og framsynte bygdefolk ofrer tid og arbeidskraft. Det går nå på fram og farten er god.

Det er ikke bare skogen som virke til gårdene det nå gjelder, men skog som næringsveg på små bruk. Gjennom åra har en delt opp jorda altfor meget, og mange bruk er blitt for små til å gi eieren helårs arbeid. Mange bruk er brattlendte og tungdrevne, så det er vanskelig å bruke moderne maskinutstyr. De blir ofte for kostbare å høste. Folk tar til å fare fra heimene og gå over i annet arbeid, annen næring. Det er ikke så ille her i bygdene enda; men tendensen er der og arbeid må settes inn for å få folket til å stanse på fedreheimen og finne levemåten sin der.

Vi har utmark nok til store skogvidder, selv om det tas unna jord til nybrått og kulturbeiter, og Kvinnherad vil bli en rik skogbygd med arbeid og levebrød for en økende etterslekt.



Silofôr nedlagt i regn

har et meget lavt D-vitamininnhold. Ensileringen ødelegger i det hele tatt en del av D-vitamininnholdet i den nedlagte grønnmasse. De øvrige fôrmidler er av liten betydning som D-vitaminkilder — og når organismen kommer i underskudd på D-vitaminer fremkommer forstyrrelser i bensystemet hos ungdyr (rakitis), og hos eldre benskjørhet eller osteomalaci. Wallis har vist at for liten tilførsel av D-vitamin kan føre til at brunsten hos kuer blir borte.

«Kuene fikk normale kjønnsfunksjoner igjen etter tilførsel av 500 cm³ D-vitaminholdig torskellevertran». (Samlet trantilskudd under forsøket.) Sitat fra «Norsk Landbruk» nr. 6/1950. Framhevelsen foretatt av oss.

Martens Stjernetran fåes hos fôrgrossistene. Den er meget lettfordøyelig og vitaminrik.



Stjernerdyr med Stjernetran

A.s JOHAN C. MARTENS & CO. - BERGEN

Jordbruket i Kvinnherad.

Av heradsagronom ERLING VÅGE.

Saman likna med dei fleste herad i Hordaland, har Kvinnherad etter måten mykje jord. Medelsstorleiken på dei 645 bruka over 5 dekar, er 30—40 dekar. Til mange bruk høyrer det store utmarksvidder som kan verta eit godt tillegg når dei vert utnytta — til skog og dyrka beite. Beitedyrkinga er i stor framgang, og skogreisingsplanen, som nyleg vart vedteken av heradstyret, kjem til å setja fart i skogreisinga.

Husdyrhaldet har frå gammalt av hatt stor plass i jordbruket i Kvinnherad. Store beitevidder gjorde at hovudvekta vart lagd på storfe- og sauehald. I eldre tid gjekk drifta ut på å fora over så mange dyr som råd var om vinteren, for å nytta ut beita i sumarhalvåret. Etter kvant vart meir og meir av foret hausta frå innmarka, og heile drifta vart meir intensiv. Handelsjordbruket førde med seg krav etter kontantar, og det vart mjølka som skulle koma til å verta hovudproduktet.

På dei største gardane i heradet er dette sikkert den rette utviklingsleia — ein overgang mot meir ein-sidig mjølkeproduksjon. Tilhøva ligg til rette for slik spesialisering; bøndene har kunnskap og røynsle, det er mange gode avlsdyr og gode vilkår for beitedyrking. Siste åra har det kome til mange nye medlemmer i fjøskontrol-len, og det vil auka interessa for avlsarbeid og foring. Det må elles seiast at storfeavlen er i godt gjenge. Det er feavlslag i dei fleste bygdene, og ikkje så få sers gode mjølkekyr. Silobygging og beitedyrking har skote god fart.

Men Kvinnherad er eit stort herad, med skiftande naturvilkår og jordbruksdrift. Det finst mange grender der utmarksbeita enno skaffar foret til mjølkekyrne om sumaren, og mjølkesalet er for lite og inkje å rekna. Der har sau- og geitehaldet større plass og gjev kanskje størstedelen av inntekta til bruka. På små og ulendte bruk høver småfehaldet godt når det er godt om utmarksbeite ved sida. Likevel ser det ut til at kua vinn større og større rom på desse bruka og. Geitehaldet er i alle høve på sterk retur, og det er spørsmål om det er rett og rasjonelt.

Over alt ser det ut til at det går mot forenkla, meir ein-sidig drift, med mjølkeproduksjon som hovudgrein. Nokre få brukarar har søkt andre vegar. Dei har kom-



For betre omsetnad

Gjennom produsentane sin salssamskipnad har De heile landet som marknad.

Nokre tal som syner omfanget åt Gartnerhallen i dag :

Beinveges innmelde lagslemer :	4 300
59 salslag som har » :	2 500
I alt	<u>6 800</u>

Omsetnad siste året : 37,3 mill. kr.

Nærare opplysingar om medlemskap får De ved å venda Dykk til

GARTNERHALLEN

B E R G E N

Banksamband : Vestlandsbanken

Telefon :

Sentral : 14 150 — Utanbys avd. : 12 564

binert frukt og høns t. d., grønsaker og frukt; dei har altså spesialisert seg på eit par produksjonsgreiner som dei driv sterkt. Dette ser ut til å gå sers bra, og det er grunn for fleire til å ta etter, serleg av småbrukarane.

Sauehaldet har hatt framgang, og for mange bruk er det nok grunn til å satsa meir på sauene. Noko sau har dei og på dei fleste gardane som ligg til fjellbeite, og på andre gardar og. Det er mykje blandingsau, men og noko reinrasa. Sjeviot-avlen har serleg vore knytt til Rosendal. Siste åra har det vore kjøpt inn noko dala- og ryggjasau, og av spelsau tek det til å verta ikkje så lite.

Hesteavlen har lege langt framme, og enno er det mange interesserte hesteavljarar. Men traktorane løysar av hestearbeidet meir og meir. Mange leiger traktorhjelp til det tyngste arbeidet, og nokre få gardbrukarar har skilt seg med hestane og gått over til rein traktor-drift. Det har vore kjøpt mykje hestereidskap siste åra — potetopptakarar, Troll-apparat, sleperiver m. m. Mjølkemaskiner aukar det og på med.


Å løysa problemet om mekanisering rasjonelt på våre små bruk, er ikkje lett. Maskin- og reidskapskostnadene vert i største laget. Vi får vona at bøndene finn ein utveg, som dei har gjort så ofte før.

Hagebruket i Kvinnherad.

Av styraren for Kvinnherad Pakkelag, Torkjel Nes.

Hagebruket i Kvinnherad er ikkje av ny dato. Når ein tek seg ein tur kringom i bygdene, kan ein sjå mange gamle frukthagar. Men det er her som mange andre stader at plantingane har gått på slump. Dei har planta trea, men ikkje teke omsyn til kva sort det er, og heller ikkje plassen dei er planta på. Difor er mange av desse plantingane av lite verd.

I den seinare tid er mykje av dette retta på. Interessa for fruktdyrking er stigande, gamle tre og dårlege sortar vert bytte ut med nye tre og sortar som høver for distriktet. Og nye plantingar ser ein over alt. Men endå er der ein del som ikkje steller frukthagen so godt



Over 1800

Erlands Melkemaskeanlegg er nå i bruk i Norge

Når det gjelder kvalitet og god effekt, finnes det ingen bedre enn vår norske **Erlands Melkemaske**.
Det vet folk.

Men vet De at vi nå leverer anlegg for små og middelstore fjøs til priser fra kr. 1450 og oppover?

Vi sender Dem gjerne kataloger.

Erlands MASJINFORRETNING
Bryne - Jæren

A. Røssland Fiskematkjøken

Tlf. 114 - Herøysundet

Leverer på stutt varsel
NYLAGA FISKEMAT
til handlande
og større avtakarar.

som ein burde gjera, men det er slikt som kjem etter kvart; for interessa er stor, det kan alle dei spørsmål vi får, vitna om. Det er stendig folk som spør etter rettleiding i gjødsling, sprøyting og val av sortar. I det siste har ogso dei fleste fruktdyrkarane skaffa seg sprøyter og sprøytinga vert betre etter kvart som ein får augo opp for kva verd sprøytinga har.

Her er gode vilkår for fruktdyrking, so det kan verta ei god binæring til gardsbruket. Hagebær er her ikkje so radt lite av i Kvinnherad, og her er sers gode vilkår for dyrking av dei ymse bærslag. Hagebæra har og teke seg bra opp dei siste åra, og med dei gode prisane som har vore, er det ein lønsam kultur. Det er stendig mangel på bær, so det er å vona at dei går i gang med større plantingar.

Det er ikkje berre frukt og hagebær Kvinnherad har gode vilkår for, men ogso grønsakdyrking. Det har vore lite grønsakdyrking dei siste åra, so ein har ikkje greidd å stetta trongen innan heradet; ein har lote ført inn frå andre stader. Dette er ein stor feil. I staden for importør burde ein vore stor eksportør, so det er å vona at ein legg seg meir etter grønsakkulturane.

For to år sidan var det ein del av hageeigarane i Kvinnherad som gjekk saman og skipa Kvinnherad Pakkelag. Det fekk stor tilslutnad og tel no 90 lemer. Laget har som oppgåve å sortere og pakke frukta og omsetja produsentane sine varer. Det er å vona at alle hageeigarar samlar seg om dette og går inn i laget so dei kan få selja sine produkt der.

Som ein vil skjøna har Kvinnherad gode vilkår når det gjeld frukt-, bær- og grønsakdyrking. Og interessa er stor. Etter at Kvinnherad Pakkelag er skipa er ogso omsetnadstilhøva ordna, so om ikkje for lang tid er nok Kvinnherad millom dei store når det gjeld hagebruket.

UTSTILLARAR:

Jordbruk

1. Hjalmar Ljosnes Uskedalen
Gulrot, Kålrot, Sjalottløk, Poteter.
2. Lars L. Ness, Rosendal
Korn, Poteter, Kålrot.
3. John Kjærland, Uskedalen
Kål, Kålrot, Poteter.
4. Arne Ingbjørn Hjelmeland (13 år) Husnes
Gulrøter.
5. Severin Omvik, Dimmelsvik
Jordbruksvaror.
6. Ivar Haugland, Uskedalen
Jordbruksvaror.
7. Hallvard Kleiberg, Sunde
Korn, Mjøl, Gryn.
8. Ragnvald Våge, Sunde
Kveite.
9. Erling Våge, Sunde
Poteter, Formargkål.
10. Lars O. Ness, Rosendal
Bygg, Havre, Poteter, Kålrot, Mainæpe, Gulrot, Formargkål, Ull.
11. A. T. Myklebust og Olav A. Myklebust,
Uskedalen
Jordbruksvaror
12. Lars T. Bondhus, Mauranger
Havre, Bygg, Poteter, Ull.
13. Anders Ask, Hatlestrand
Poteter, Rotfrukter.
14. Einar Bogsnes, Husnes
Poteter, Korn, Gulrøter, Kålrot, Forbetar.
15. Kristoffer Hauge, Uskedalen
Havre, Poteter.
16. Anders Gåthe, Hatlestrand
Gulrot, Kålrot.
17. Aksel Tvedt, Dimmelsvik
Jordbruksvaror.
19. Berner Dønhaug, Herøysundet
Gulrot.
20. Brigte Rød, Uskedalen
Poteter.

21. Torbjørn Frøystein, Husnes
Turka høy, Hå, Silo, Poteter, Gulrøter, Kålrot, Forbetar.
22. Mons Raudstein, Uskedalen
Poteter.
23. Sigvald Eik, Uskedalen
Jordbruksvaror.
24. Tor Hatteberg, Rosendal
Poteter, Ullfeld av sau og lamb (Haustull).
25. Lars P. Seglem, Seimfsoss
Gulrot, Poteter, Havre.
26. Bjørn Olsen, Uskedalen
Korn, Poteter.
27. Kristen Døssland, Uskedalen
Poteter, Korn, Gulrøter, Kålrot, Kepalauk, Ull.
- 28.
- 29.
- 30.

Hagebruk og Gartneri

31. Peder Furuberg, Ænes
Frukt.
32. Hjalmar, Ljosnes, Uskedalen
Pakka frukt.
33. Bj. Myklebust, Uskedalen
Samling frukt, Pakka frukt, Sjalottlauk.
34. Lars L. Ness, Rosendal
Samling frukt. (Eple, Pæror, Plomor).
35. Fredheim Gartneri, Rosendal
Blomar. Bindi.
36. Gunnar Flatebø, Uskedalen
Frukt.
37. Bernt Langballe, Uskedalen
Pakka frukt.
38. Halvard Kleiberg, Sunde
Kepalauk, Purre.
39. Ragnvald Våge, Sunde
Frukt.
40. Anders Ask, Hatlestrand
Grønsaker.
41. Kristoffer Hauge, Uskedalen
Frukt.

42. Anders Gåthe, Hatlestrand
Frukt.
43. Sigurd Haktorsen, Husnes
Frukttre.
44. Aksel Tvedt, Dimmelsvik
Einskilde fruktsortar.
45. Aksel Tvedt, Dimmelsvik
Grønsaker.
46. Abel Eik, Uskedalen
Frukt.
47. Karsten Bjørke, Lyngstrand
Frukt.
48. Rosendal Hage, Rosendal
Samling grønnsaker.
49. Rosendal Hage
Plometre.
50. Berner Dønhaug, Herøysundet
Pakka frukt.
51. Peder Torkelsen, Herøysundet
Samling grønnsaker.
52. Brigit Rød, Uskedalen
Frukt.
53. Brigit Rød, Uskedalen
Aplar.
54. Torbjørn Frøystein, Husnes
Raudbetar, Grønkål.
55. Mons Raudstein, Uskedalen
Kål.
56. Tor Hatteberg, Rosendal
Purre, Gulerot.
57. Karl Guddal, Seimsfoss
Grønsaker.
58. Einar Ljostveit, Seimsfoss
Pakka frukt.
59. Anton Høyland, Seimsfoss
Samling frukt, Pakka frukt.
60. Anton Høyland, Seimsfoss
Grønsaker.
61. Gunnar Fossheim, Seimsfoss
Samling frukt, Pakka frukt.
62. Lars P. Seglem, Seimsfoss
Samling frukt, Pakka frukt.
63. Kristen Høyland, Seimsfoss
Samling frukt, Pakka frukt.
64. Kristen Høyland, Seimsfoss
Grønsaker.

- 65. A. T. Myklebust, Uskedalen
Samling frukt.
- 66. Jens Skaale, Seimsfoss
Pakka frukt. Saml. frukt.
- 67.
- 68.
- 69.

Skogbruk

- 70. Peder Furuberg, Ænes
Skogprodukter.
- 71. Gunnar Enæs, Ænes
Skogprodukter m. m.
- 72. Bernt Langballe, Uskedalen
Skogprodukter.
- 73. Lars P. Haugland, Uskedalen
Skogkultur og Skogprodukter.
- 74. Sæbjørn Lønning, Ølve
Ungskog av gran og furu.

Heimeyrke for menn

- 75. John Harkestad, Mauranger
Kombinert te-sybord.
- 76. Olav O. Bråthun, Mauranger
Smørstamp.
- 77. Erik K. Skåle, Rosendal
Høvelbenkskruvor, Riva.
- 78. Olav Øyre, Nordrepollen
Skiptmodell (hobby).
- 79. Kåre H. Guddal, Uskedalen
Sykorg.
- 80. Ingebrigt Brigtsen, Husnes
Skiptmodell i flaska.
- 81. Reidar Helland, Husnes
Spiralsengbotn.
- 82. Anton Tveitane, Hatlestrand
Ambar. Koller.

83. Alfred Blokhus, Husnes
«Fyrstikmaleri».
84. Alf Storegjerde, Løfallstrand
Syskrin.
85. Ingemar Netland, Hatlestrand
Radioskåp
86. Severin Øyerhavn, Rosendal
Korgarbeid
87. Johs. K. Kaldestad, Husnes
Skipsmodel. Rosemåla småvaror.
88. Samson S. Eik, Uskedal
Vevstol.
89. Johs. E. Røyrvik, Sunde
Skisser av gamal rosemåling i Husnes. —
Rosemåla kister og småting.
90. Torgeir Døssland, Sunde
Lampar i tre og metall. Karekrakkar.
91. Johannes J. Ask, Hatlestrand
Fjosmodel.
92. Johannes I. Seim, Seimsfoss
Rivor.
93. Einar Bjelland, Sunde
Pileboge. Piler og skiva.
94. A. T. Myklebust, Uskedalen
Høyvogn.
95. Nils Raudstein, Herøysundet
Vaskemaskin.

Kvinnearbeid

96. Gunnhild Bråthun d. e., Mauranger
2 perla bringedukar.
97. Brita K. E. Skåla, Rosendal
Hardangersaum til skjorte og forkle.
98. Ebba Meyer, Herøysundet
Kaffiduk, nuperelle-innfelling.
99. Ebba Meyer, Herøysundet
Brikke i nupperellemynster.
100. Anna S. Hjelmeland, Dimmelsvik
Nasjonalbunad for kvinner.
101. Anna S. Hjelmeland
Heimespunne garn.
102. Anna S. Hjelmeland
Voven bordlaupar.
103. Udna Ljosnes, Uskedalen
Strikkearbeid, heimespunne garn.

104. Annie Olsen, Uskedalen
Duk i Hardangersaum.
105. Sara Skeie, Seimsfoss
Perla bringeduk og belte.
106. Erna Malmanger, Rosendal
Kvarvingar (belte og band) til Kvinnherads-
bunad.
107. Kristi Omvik, Uskedalen
Forkle og skjortesaum til Hardangerbunad.
108. Tora Helvik, Herøysundet
Sofaputa
109. Tora Helvik
2 Dugar
110. Tora Helvik
Toalettsett i nupperellor
111. Tora Helvik
2 Dugar + 1 laupar i kunststrikk
112. Tora Helvik, Herøysundet
Ymse heklearbeid.
113. Herborg Bakka, Dimmelsvik
Forkle i Hardangersaum. Serviett.
114. Margrete Lønning, Vikane
Bordduk i Hardangersaum
115. Margrete Lønning, Vikane
Bordduk i Nordmørsaum og Klostersaum.
116. Alma Bondhus, Mauranger
Heimespunne ullgarn (plantefarga)
117. Alma Bondhus, Mauranger
2 Lauparar i lin (Heimeavla).
118. Else Marie (10 år) og Laila Eik (7 år) Usked.
Strikka toalettsett.
119. Hanna Eik, Uskedalen
Hekla matstovesett
120. Herborg Myrvoll, Hatlestrand
Heimespunne garn.
121. Herborg Myrvoll, Hatlestrand
Hardangersaum
122. Herborg Myrvoll, Hatlestrand
Strikkajakke
123. Else Hauge, Hatlestrand
Strikka duk
124. Kristi Øyre, Mauranger
Sofapute i flossvevnað
125. Anna J. Flatebø, Mauranger
Vevd stolteppe.
126. Kjellaug Guddal, Seimsfoss
Linduk, laupar i lin, laupar i spelsau og lin.

127. Dorthea Ask, Hatlestrand
Voven laupar
128. Dorthea Ask, Hatlestrand
Herre slippover
129. Aud Enæs, Skogseth, Husnes
Duk i Veneziansk saum.
130. Aud Enæs, Skogseth, Husnes
Duk i Krosstingsmotiv
131. Aud Enæs, Skogseth, Husnes
Selbufingervottar
132. Margreta Dønhaug, Uskedalen
Handvovne ting.
133. Emma Myklebust, Uskedalen
Sauma nasjonalbelte
134. Emma Myklebust, Uskedalen
Handvoven duk i bomull.
135. Emma Myklebust, Uskedalen
Duk i Hardangersaum.
136. Annlaug Myklebust, Uskedalen
Forklæ til Kvinnheradbunad.
137. Annlaug Myklebust, Uskedalen
Filért duk.
138. Annlaug Myklebust, Uskedalen
Duk i kulørt broderi
139. Annlaug Myklebust, Uskedalen
Håndmåla duk
140. Annlaug Myklebust, Uskedalen
Lampeskjermar
141. Margot Lea, Dimmelsvik
Strikka Genser.
142. Herta Omvik, Dimmelsvik
Forklæ i Hardangersaum.
143. Britanna Haugland, Uskedalen
Nupperellor.
144. Britanna Haugland, Uskedalen
Selbuvottar
145. Kari Naterstad, Seimsfoss
Duk i Svartsaum.
146. Kari Naterstad, Seimsfoss
Duk i Hedemarksaum

147. Johanne Marie Kjærland, Uskedalen
Strikka kaffiduk.
148. Johanne Marie Kjærland, Uskedalen
Strikka toalettsett.
149. Margot Skage, Hatlestrand
Kaffiduk i Veneziansk broderi.
150. Oline Bondhus, Mauranger
Forkle i Hardangersaum.
151. Andrea Skåluren, Rosendal
Putevar i uttrekksaum
152. Andrea Skåluren, Rosendal
Putevar i Hardangersaum.
153. Andrea Skåluren, Rosendal
Heklearbeid.
154. Borghild Skåluren, Rosendal
Kaffiduk i kulørt broderi.
155. Gunnhild Skåluren, Rosendal
Middagsduk i uttreksaum (Etamin)
156. Gunnhild Skåluren, Rosendal
Nasjonalskjorte i kvitsaum
157. Gunnhild Skåluren, Rosendal
Silkeforkle (brodert til Kvinnheradbunad).
158. Dagny Høyland, Seimsfoss
Lampeskjermar.
159. Margit Haugland, Uskedalen
Teddy-bjørn.
160. Anna Gjertsen, Uskedalen
Duk i Hardangersaum
161. Oline Myklebust, Uskedalen
Duk i uttreksaum (Etamin).
162. Anna Myklebust, Uskedalen
Serviett i Hardangersaum.
163. Marta Stuland, Dimmelsvik
Heimespunne garn
164. Bruredrakt og krune
Gamle kvinnheradsbunader
(Utanom døming)

Matvaror

165. Ada Tvedt, Dimmelsvik
Frukostretter.
166. Signe Tvedt, Dimmelsvik
Saft og syltetøy.
167. Signe Tvedt, Dimmelsvik
Retter av Høns.
168. Udna Ljosnes, Uskedalen
Flatbrød
169. Udna Ljosnes, Uskedalen
Gelé.
170. Annie Olsen, Uskedalen
Smør.
171. Ingrid Røssland, Husnes
Flattbrød av samfengt kveite og sikta rug.
172. Åsta Døssland, Uskedalen
Gamalt kveldsbord
173. Åsta Døssland, Uskedalen
Hermetikk. Saft og syltetøy.
174. Åsta Døssland, Uskedalen
Smørbrødfat.
175. Gerda Tråvik, Ølve
Frukostbord
176. Kaia Myklebust, Uskedalen
Oppsett smør.
177. Agnes Musland, Uskedalen
Rauddravle
178. Agnes Musland, Uskedalen
Hermetisk frukt.
179. Agnes Musland, Uskedalen
Flatbrød av sammale havre. Lefse.
180. Margot Lea, Dimmelsvik
Hermetisk frukt. Saft og syltetøy.
182. Rakel Flatebø, Mauranger
Geitost.
183. Dorteia Ask, Hatlestrand
Saft. Hermetiske plomor og syltetøy.

184. Dortea Ask, Hatlestrand
Smør.
185. Marie Eikeland, Hatlestrand
Rauddravle
186. Marie Eikeland, Hatlestrand
Flattbrød. Krotakakor.
187. Marie Eikeland, Hatlestrand
Kjeks.
188. Sigurd Fedt, Dimmelsvik
Fullkorn. Kneip. Kavring. Grovbrød.
189. Sofie T. Bondhus, Mauranger
Geitost.
190. Lars Bondhus, Mauranger
Geitost.
191. Kari Hauge, Uskedalen
Smør.
192. Anders Gåthe, Hatlestrand
Honning.
193. Oline Bondhus, Mauranger
Rauddravle
194. Inger Omvik, Dimmelsvik
Hermetisk frukt. Turka frukt. Gelé.
195. Emma Myklebust, Uskedalen
Hermetisk frukt. Saft. Syltetøy.
196. Bjørn Olsen, Uskedalen
Egg.
197. Bj. Myklebust, Uskedalen
Fjørfeslakt. Egg.
198. Johs. L. Ness, Rosendal
Kakor og brødvaror.
199. Johanna Feet, Dimmeslvik
Småkakor.
200. Ragna Albrethson, Dimmelsvik
«Fin middag av høns».
201. Ragna Albrethson, Dimmelsvik
Hermetisk sopp.
202. H. B. Hjønnevåg Fiskematkjøkken, Uskedalen
Fiskemat.
203. Brødrene Røsstrand Fiskematkjøkken,
Fiskemat. [Herøysundet.

Fabrikkverksemd

- 205. Lars Nedrevåge, Seimsfoss
Matstovemøblar i eik
- 206. Hermetikkfabrikken Hardanger, Uskedalen
Samling hermetikk
- 207. Rundveveriet i Uskedalen A/S, Uskedalen
Konfeksjon.
- 208. Kvinnherad Ullvarefabrikk, Rosendal
Tekstilvaror
- 209. Sunde Jarnindustri, Sunde
Transportvogn. Kjøkenmøblar.
Kontorstolar og andre stolar i stålroyr.
- 210.

Skipsbygging

- 211. Gravdals Skipsbyggeri & Trelastforretning,
Sunde.
- 212. Skaaluren Skipsbyggeri, Rosendal
- 213. Børke Båtbyggeri, Rosendal
Teikning og foto av 25 fots — 34 fots og
45 fots båtar.

For notat :

N e m n d e r :

HOVUDNEMND :

A. T. Myklebust, formann. Bj. Myklebust, skrivar.
Ivar Haugland, kassastyrar. Severin Omvik, Lars P.
Seglem, Lars O. Ness, Gunnar Enæs, Erling Helland.

Nemnd for jord- og skogbruk, hage og gartneri :

Erling Våge, form., Bernt Langballe, varaform.,
Lars Stueland, Bjarne Naterstad, Odd Hus, Lars T.
Bondhus, Karsten Bjørke, Olav Myhre, Anders Ask,
Einar Hellestveit.

Nemnd for kvinnearbeid :

Fru Emma Myklebust, form., fru Hanna Bringedal
varaform., fru Hildur Sandvik, frk. Brita Skeie, fru Helga
Hatteberg, frk. Herborg Bondhus, fru Kamilla Bleie, fru
Karna Snilstveit, fru Sofie Haugstveit, fru Gerda Tråvik,
fru Marie Eikeland.

Nemnd for heimeyrke :

Torgeir Døssland, form., Erling Malmanger, vara-
form., Per Eidsvik, Tor Omvik, Hans Kvernenes, Ingemar
Netland, Tor H. Myklebust, Harald Flatebø, Jon
Harkestad.

Nemnd for skipsbygging :

Knut Skåluren, form., Halvard Gravdal, varaform.,
Torleif Nerhus.

Nemnd for fabrikkverksemd :

Gunnar Flatebø, form., Olav Ømdal, varaform.


Nemnd oppnemnd av heradstyret :

Fru Anna Skeie, fru Margot Lea, fru Agnes Raud-
stein, fru Ingeborg Torkelsen, Thor Myklebust, fru
Borgny Nerhus, Kåre Lønning, Olav H. Eikeland, Erling
Helland, Berner Dønhaug.

Benzona

er ein dansk mjølkemaskin som vert brukt i mange land. Til Noreg kom maskinen fyrste gongen i 1930, og på Austlandet er det no mange maskinar av dette merket.

Det siste året er «BENZONA» innført også på Vestlandet.



«BENZONA» anlegg montert på Vestlandsgard.

Dei som brukar «Benzona» er sers velnøgde med maskinen. Ein kan difor trygt rå folk til å kjøpa

« B E N Z O N A »

Vestlandske Kjøpelag



**S/L LANDBRUKETS EMBALLAGEFORRETNING
OG GARTNERNES FELLESKJØP**

Hollendergt. 13

Tlf. 18418

BERGEN

Tlf. 18289

er staden der ein kjøper:



Sprøytemidler - Motorsprøyter
og Utstyr til frukthagane —



Driftsmidler for gartneri- og
hagebruk - Standardemballasje

Våre konsulentar i veksthus, reidskap og
sprøytemidler — står til Dykkar teneste.